

# Kinn SV – Valprogram 2023-27

SV vil arbeide for at Kinn skal vere ein open, raus og inkluderande kommune, der alle menneske skal kunne finne sin plass.

Vår motivasjon er å arbeide for gode oppvekstvilkår, ei god eldreomsorg og eit godt samfunn for alle. For tilgang til næringsareal, grøn næringsutvikling og effektivitet i planarbeidet. For arbeid for alle, heile faste stillingar, å vidareutvikle vikarpoolane og å sikre effektivitet i institusjonsbygginga. Dei lovpålagde oppgåvene har høgst prioritet for SV.

## Skule og barnehage

Eit godt barnehage- og skuletilbod innan rimeleg avstand er svært viktig for barn og unge og viktig for trivsel og utvikling. Kinn SV ynskjer vekst og tilflytting til kommunen. Skule- og barnehage tilbudet kan vere avgjerande for kvar familiar ynskjer å bu.

Endring av skulestruktur kan vere av stor betydning for innbyggjarane, og bør byggje på god planlegging og vere føreseieleg. Kinn kommune har opna for at foreldre kan søkje opptak til barn før dei har rett til barnehageplass. Det er eit svært kostnadskrevjande tilbod, og vil føre til overkapasitet i delar av året. Dette tilbodet må vurderast opp mot lovpålagde oppgåver.

### SV vil:

- at kommunen skal utarbeide ein skulebruksplan som har politisk forankring og legitimitet hos innbyggjarane
- byggje gymnastikksal ved Florø barneskule
- byggje symjebasseng for elevar i nordre Kinn
- ha leksefri skule
- ha matsservering i barnehagane

## Helse, sosial og omsorg – ein trygg velferdskommune

Behovet for auka institusjonsplassar i Florø er stort, og veks raskt. Det er viktig å sikre framdrift i institusjonsbygginga på sjukehuseigedommen.

Kommunen må arbeide strategisk med planar for framtidens eldreomsorg. Rekruttering av fagkompetanse må bli eit satsingsområde, og vi må sjå på alle menneske som ein ressurs.

Universell utforming er svært viktig for livskvalitet for alle. Kommunen må auke innsatsen og få meir kompetanse på universell utforming.

**SV vil:**

- sikre nok sjukeheimplassar, full framdrift i arbeidet med ny institusjon på sjukehuseigedomen.
- ha fokus på gode aktivitetstilbod til eldre, med fokus på habilitering og rehabilitering.
- at det framleis vert satsa på velferdsteknologi.
- at det vert utarbeidd strategi for rekruttering av fagkompetanse i eldreomsorga.
- at det vert arbeidd med planar for framtidens eldreomsorg, «mennesket som ressurs»
- redusere forskjellar - vidareføre fritidserklæringa (Alle barn og unge har rett til å delta på minst eitt fritidstilbod.)
- at kommunen sine møteplassar skal vere opne og tilgjengelege for alle
- legge til rette for alle gåande og syklende
- at politikarar og tilsette skal ha god kompetanse på krav til universell utforming

## Grøn kommune

Kinn SV ynskjer å utgreie nye modellar for samfunnsøkonomisk nytte der også klimagassutslepp og nedbygging av naturareal, myr og dyrka mark i større grad vert vektlagt.

Kinn kommune må legge til rette for driftsformar som aukar naturleg karbonlagring. Kommunen må ha god kapasitet og kompetanse på klimaarbeid i utgreiing og sakshandsaming.

**SV vil:**

- å sikre reine fjordar, støtte frivillige organisasjonar som jobbar med det.
- støtte satsing på lukka oppdrettsanlegg og anlegg på land.
- støtte offshore havvind i allereie etablerte industriområde
- støtte lokal matproduksjon frå sjø og land, jordvern og ta vare på kulturlandskapet
- miljøkrav og krav til etiske retningslinjer ved kommunale innkjøp og anbod
- at kommunen skal ha større fokus på klimaleiing, kommunisere klimarekneskap til både innbygarane og politikarar, og ynskjer etablering av ein energiplan.
- støtte og legge til rette for eit betre samarbeid mellom landbruket og kommunen.
- Vidareutvikle og styrke biokolprosjektet, og arbeide målretta for å implementere dette i landbruket.
- at kommunen skal ha større fokus på å redusere klimautslepp

## Plan og Næring

Det lokale næringslivet er heilt avgjerande dersom vi skal lukkast med grøn omstilling. Skil Kinn vere ein konkurransedyktig kommune i kampen om grønne arbeidsplassar er det viktig at vi legg til rette for ein saumlaus og straumlinjeforma dialog mellom kommunen og næringslivet og at vi har tilgjengeleg næringsareal og effektiv sakshandsaming i planavdelinga.

### SV vil:

- bygge ut næringsareal som bidreg til det grønne skiftet.
- auke trivsel for innbyggjarane ved å stimulere sentrumsutvikling i Florø og Måløy gjennom raskare prosessar i planutval  
Legge til rette for godt samarbeid med næringslivet om berekraftig utvikling og grønne arbeidsplassar.
- at kommunen skal støtte og fasilitere bygging av bufellesskap og alternative buformer for seniorar og yngre som har mindre behov for areal.

## Trygt og godt arbeidsliv

SV sitt mål er at alle som kan skal komme i arbeid. Vi treng alle hender vi kan få for å løyse kommunen sine oppgåver framover, særleg innan eldreomsorg.

SV arbeider for små lønsforskjellar og eit arbeidsliv med tariffavtale, rettigheter og makt til lønnsarbeidarar.

Utan fast jobb er det vanskeleg å planlegge framtida. Heile, faste stillingar skal difor vere hovudregelen.

Likestilling og likelønn er viktig, og Kinn SV vil jobbe for rettferdige arbeidsvilkår.

### SV vil:

- ha heile faste stillingar
- vi ynskjer å vidareutvikle vikarpoolane